

Lindås kommune
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk, Eigedom
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø
postmottak@lindas.kommune.no
att.: fagkoordinator idrett Atle Vaage

Vedlikehald av friidrettsbana/grusbana på Ostereidet

Med grunnlag i brev til Lindås kommune, datert 24.11.2016, hadde friidrettsgruppa møte med fagkoordinator idrett, Atle Vaage, på Ostereidet 5.12. 2016.

Tema for møtet var gjennomføring av høgst nødvendig ordinært vedlikehald av grusbana. Spørsmål kring planane for idrettshall, som er prioritert på tredje plass på investeringslista i den nyss vedtekne idrettsplanen, vart også lufta. Frå friidrettsgruppa vart det streka under at det ikkje er noko motsetnad og prioriteringskamp mellom hallprosjektet og den nødvendige opprustinga av bana.

Friidrettsgruppa er klar over at det ikkje vert ei større opprusting av grusbana i denne omgang, då det ikkje er prioritert i idrettsplanen. Idrettslaget vil likevel jobba for at opprusting skal koma, og sjå etter alternative løysingar og finansiering.

Med utsikt til at det vil ta ein del år før det kan verta ei større opprusting, er det desto viktigare at det no vert utført nødvendig ordinært vedlikehald før bana forfell endå meir.

Friidrettsgruppa viser til brevet til Lindås kommune, datert 24.11.2016, om «Stort behov for vedlikehald av friidrettsbana/grusbana på Ostereidet.»

Me avtalte på møtet med fagkoordinator idrett å senda inn ei liste der dei mest nødvendige tiltaka er førte opp.

Lista er som følgjer:

1. Det trengst raudstubb til utlegging på rundløpsbana. Påfyll trengst rundt heile bana, kor tjukt lag som må leggjast på varierer noko. Mest trengst det
 - a. i vestre sving ned mot idrettsbygget
 - b. på langsida ned mot ungdomsskulen
 - c. løpebana må også haldast fri for attgroing ved at det årleg vert sprøyta mot dette
2. Drenering. I dag renn vatn frå fotballbana ut i løpebana og samlar seg der fleire stader. Som ei enkel forbetring bør det gravast grøft på innsida av sargen mellom løpebana og indrebana, slik at vatnet vert leia langs innsida av sargen og ned i avløpskummene.
3. Støypa ny kastring for diskos i austre sving. (Kan støypast der dagens ring er. Idrettslaget har ny metallring til bruk.)
4. Betre lys. I dei fire lysmastene kan det monterast eit lyspunkt til i kvar.
5. Opprusting av lengdegropene, det trengst nye plankar rundt sanden i gropene. Også to nye satsplankar trengst.


Til komande utandørssesong, treng me forsyning av merkekritt (8-10 sekkar).

Som nemnt i brevet datert 24.11.2016 trengst det nokre nye plater på taket på reiskapshuset som nokon har laga hol i ved steinkasting frå området ovanfor.

Som me har gjort årleg sidan bana var ny, vil idrettslaget på vårparten syta for å reinska bana for lauv og barnåler om samlar seg opp i løpet av haust/vinter. Me får utført dette i godt samarbeid med ungdomsskulen.

Ostereidet 22. desember 2016

Venleg helsing



Eikanger Idrettslag
friidrettsgruppa
Stanley Hauge

Kontaktpersonar:

Eikanger idrettslag

Bjørn J. Bjørsvik, Eidavegen 612, 5993 Ostereidet – tlf. 56 35 41 21, mob. 90 07 14 44

Stanley Hauge, Eidavegen 326, 5993 Ostereidet – tlf. 56 35 42 44, mob. 934 59 154

PS:

Storleik på bana.

Heile arealet på bana er på 60 m x 120 m (minus avrunding i ytterkanten i sørvestre sving).

Løpebana rundt er på ca. 293 m.

Sprintfeltet på oppsida mot barneskulen er på 6 m x 120 m, løpebana rundt har elles ei breidde på 4 m.

Det er lagt raudstubb på ca. 2 000 m².